

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/17	Formannskapet	PS	23.02.2017
021/17	Formannskapet	PS	23.03.2017
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ole Jakob Aarland	14/1238

Politisk styringsstruktur og reglement - delegering

Vedlegg :

Politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune-vedteke ko 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

KF delegering blir tatt i bruk som plattform for delegering i Lindås kommune. Det er ein føresetnad at delegering frå kommunestyret til andre politiske fora og til rådmannen spesifisert i dokumentet ikkje er endra.

Ved endringar i lovverk og føresegner som ikkje betyr prinsipielle endringar etter kommunelova, har rådmannen fullmakt til å implementere endringar som kjem i systemet frå Kommuneforlaget. Prinsipielle endringar i delegering vert lagt fram for kommunestyret som eiga sak.

Formannskapet - 014/17

FO - behandling:

Saka vert utsett til neste møte - 27.04.2017 og Formannskapet ber om ei orientering i forkant.

Samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Saka er utsett.

Formannskapet - 021/17

FO - behandling:

Rådmannen sitt endra framlegg til vedtak:

- KF delegering blir tatt i bruk som plattform for delegering i Lindås kommune. Det er ein føresetnad at delegering frå kommunestyret til andre politiske fora og til rådmannen spesifisert i dokumentet ikkje er endra.
- Ved endringar i lovverk og føresegner som ikkje betyr prinsipielle endringar etter kommunelova, har rådmannen fullmakt til å implementere endringar som kjem i systemet frå Kommuneforlaget. Prinsipielle endringar i delegering vert lagt fram for kommunestyret som eiga sak.
- Kommunestyret vedtar at [saksområdet utbyggingsavtalar](#) blir delegert til formannskapet. I tillegg får formannskapet delegert mynde av kommunestyret til å avgjerd om kunngjering av utbyggingsavtalar. Denne delegeringa blir lagt inn i politisk styringsstruktur og reglement [som blei vedtatt i sak 138/16](#).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- KF delegering blir tatt i bruk som plattform for delegering i Lindås kommune. Det er ein føresetnad at delegering frå kommunestyret til andre politiske fora og til rådmannen spesifisert i dokumentet ikkje er endra.
- Ved endringar i lovverk og føresegner som ikkje betyr prinsipielle endringar etter kommunelova, har rådmannen fullmakt til å implementere endringar som kjem i systemet frå Kommuneforlaget. Prinsipielle endringar i delegering vert lagt fram for kommunestyret som eiga sak.
- Kommunestyret vedtar at [saksområdet utbyggingsavtalar](#) blir delegert til formannskapet. I tillegg får formannskapet delegert mynde av kommunestyret til å avgjerd om kunngjering av utbyggingsavtalar. Denne delegeringa blir lagt inn i politisk styringsstruktur og reglement [som blei vedtatt i sak 138/16](#).

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

1. Saka skal til innstilling formannskapet

2. Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I sak 096/16 «Rullering av politisk styringsstruktur og reglement» blei dei overordna prinsippa for delegering rullert og vedteke for Lindås kommune. Samtidig tek kommunen i bruk eit elektronisk verkty frå Kommuneforlaget som er eit dynamisk dokument, og som til ein kvar tid heldt endringar i lovverk og føresenger oppdatert i kommunen sitt delegeringsreglement. Prosessen for å få dette systemet på plass vart for omfattande til at alt var klar til rullering av hovuddokumentet, og oppstart av KF delegering er difor lagt opp som ein eigen sak i ein ny runde for kommunestyret.

Vurdering

KF-delegering er eit finmaska system som viser både kva plikter, rettar og fullmakter som er delegert heilt ut i lina der drift og vedtak vert gjennomført, og der alle lover og føresegner som er aktuelle for kommunen er med på paragrafnivå. Det aller meste av dette ligg innanfor dei delegeringsprinsippa som allereie er vedteke i «Politisk styringsstruktur og reglement», og fungerer som ein vidare delegering frå rådmannen og ut i lina.

Fram til no har det vore eit eige hefte som har spesifisert fullmaktene frå kommunestyret til rådmannen, sist rullert gjennom vedtak i kommunestyre 09.01.2013 . Dette er no lagt inn i KF-delegering, og det er viktig at politisk nivå kan finne att delegeringane i dette heftet, og at ein tek stilling til om dei skal videreførast eller bli endra.

Prinsippa bak innlegging i KF Delegering er at pliktar er lagt til rådmannen (for vidare delegering), fullmakta (der det er høve til delegering) er delegert med utgangspunkt i tekst og praksis knytt til delegeringsreglementet 2013-2016, justert i samsvar med arbeidsgruppa sine forslag til endring – sjå neste avsnitt.

Opplegg for gjennomgang av delegeringane frå kommunestyret til rådmannen

For ikkje å miste oversikta har arbeidsgruppa gått igjennom delegeringane i heftet «delegering frå kommunestyret til rådmannen», sist endra 9. januar 2013, og tatt stilling til endringar i dette heftet som må leggast inn i KF Delegering.

Arbeidsgruppa foreslår følgjande endringar:

1. Søknad om endring av skule, jf Opplæringslova § 8-1, 3. ledd.

- Ledd 3 – om søknad om bytte av skule - herunder spørsmål om skuleskyss - legg til Levekårsutvalet når grunngjeving er lette av praktiske tilhøve for føresette
- Ledd 3 legg til **rådmannen** når grunngjeving er knytt til eleven sine pedagogiske, sosiale eller personlege tilhøve
- Alle søknader om endring av skule vert vedteken av rådmannen, etter retningslinjer vedteke i Levekårsutvalet

Etter delegering 2013-2016:

- Ledd 3 – om søknad om bytte av skule - herunder spørsmål om skuleskyss - legg til Levekårsutvalet når grunngjeving er lette av praktiske tilhøve for føresette

- Ledd 3 legg til **rådmannen** når grunngjeving er knytt til eleven sine pedagogiske, sosiale eller personlege tilhøve

Ny foreslått delegering:

- Alle søknader om endring av skule vert vedteken av rådmannen, etter retningsliner vedteke i Levekårsutvalet

2. Endring i håndtering av dispensasjoner fra vedtekne planer

- Alle saker av prinsipiell karakter skal handsamast av plan- og miljøutvalet.
- Ved administrativt innstilling om *avslag* på søknad om dispensasjon fra kommuneplan eller kommunedelplan skal saka til politisk behandling i plan- og miljøutvalet
- Alle *klager* på vedtak etter plan- og bygningslova skal handsamast av plan- og miljøutvalet før dei vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland som klageinstans.
- Alle saker av prinsipiell karakter skal handsamast av plan- og miljøutvalet.
- Ved administrativt innstilling om å *gje* dispensasjon fra kommuneplan og kommunedelplan, skal vedtak fattast i plan- og miljøutvalet, men
 - når søknad om dispensasjon gjeld mindre tiltak i plan- og bygningsloven § 20-4 og tiltak unntatt søknadsplikt i plan- og bygningsloven § 20-5, kan vedtak fattast administrativt.
- Ved administrativt innstilling om *avslag* på søknad om dispensasjon fra kommuneplan og kommunedelplan kan vedtak fattast administrativt
- søknad om dispensasjon fra gjeldande reguleringsplan skal handsamast administrativt.
- *Klager* på vedtak etter plan- og bygningslova skal handsamast av Plan- og miljøutvalet før dei vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland som klageinstans, men
 - klagar som gjeld vedtak om mindre tiltak omfatta av plan- og bygningslova § 20-4, bokstav a-c, e, (dvs. alt unntatt delingssaker) jf. byggesaksforskrifta (SAK10) kap. 3 kan sendast rett til Fylkesmannen i Hordaland som klageinstans.

Etter delegering 2013-2016:

- Alle saker av prinsipiell karakter skal handsamast av plan- og miljøutvalet.
- Ved administrativt innstilling om *avslag* på søknad om dispensasjon fra kommuneplan eller kommunedelplan skal saka til politisk behandling i plan- og miljøutvalet
- Alle *klager* på vedtak etter plan- og bygningslova skal handsamast av plan- og miljøutvalet før dei vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland som klageinstans.

Ny foreslått delegering:

- Alle saker av prinsipiell karakter skal handsamast av plan- og miljøutvalet.
- Ved administrativt innstilling om å *gje* dispensasjon fra kommuneplan og kommunedelplan, skal vedtak fattast i plan- og miljøutvalet, men
 - når søknad om dispensasjon gjeld mindre tiltak i plan- og bygningsloven § 20-4 og tiltak unntatt søknadsplikt i plan- og bygningsloven § 20-5, kan vedtak fattast administrativt.
- Ved administrativt innstilling om *avslag* på søknad om dispensasjon fra kommuneplan og kommunedelplan kan vedtak fattast administrativt
- søknad om dispensasjon fra gjeldande reguleringsplan skal handsamast

administrativt.

- *Klager* på vedtak etter plan- og bygningslova skal handsamast av Plan- og miljøutvalet før dei vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland som klageinstans, men
 - klagar som gjeld vedtak om mindre tiltak omfatta av plan- og bygningslova § 20-4, bokstav a-c, e, (dvs. alt unntatt delingssaker) jf. byggesaksforskrifta (SAK10) kap. 3 kan sendast rett til Fylkesmannen i Hordaland som klageinstans.

(Unntaket i siste punkt er føreslått av rådmannen.)

Det justerte innhaldet i delegering frå kommunestyret til rådmannen ligg som utkast i KF-delegering.

Oppdatering av delegeringsreglementet

Kommunen vil fortløpende få melding frå Kommuneforlaget om endringar i lovverk som betyr endringar i delegering. Oftast er dette justeringar av formell art som automatisk kan implementerast. Denne saka legg opp til at rådmannen har fullmakt til å gjere slike endringar i delegeringsreglementet, og at det rutinemessig vert gitt informasjon til politisk nivå om slike endringar.

Av og til skjer det innhaldsmessige endringar i lov og føresegner som gjer at ein må ta stilling til prinsipielle spørsmål knytt til delegering. Rådmannen vil no eksplisitt fange opp slike endringar, og har høve til å få dei handsama ved neste politiske møterunde.

Oppslagsverkty for dei politiske utvala

På politisk nivå vil truleg KF-delegering ha størst nytte i dei politiske utvala. Alle kan gå konkret [inn på nettsida og sjekke korleis delegeringane ligg i systemet](#), og dermed ta stilling til om det er behov for justeringar på detaljnivå. Særleg ved oppstart av systemet er det nyttig å reflektere korleis systemet fungerer i samspelet mellom politikk og administrasjon, og styrande for alle vil vere hovudprinsippa for delegering som ligg i det overordna dokumentet «Politisk styringsstruktur og reglement».